

Holmenkollstafetten: Fekk stafettpinnen av Therese Johaug.

10.05.2016



Jørgen ser spent etter Therese på veg opp klatreetappen.

Sist laurdag vart Holmenkollstafetten, også kalla Vårens Vakraste Eventyr, arrangert med rekorddeltaking. Godt over 3000 lag med tilsaman bortimot 50.000 løparar deltok. Mellom dei var uskedelingen Jørgen Nilsen Moberg, som no bur i Oslo. På toppen av det heile opplevde han å motta stafettpinnen av ei av Norges desidert mest populære idrettskvinner, Therese Johaug.



Therese Johaug i flott driv. (Foto: Asko)

Johaug/Moberg sprang for Asko sentrallager sitt lag. Dette har vore arbeidsplassen til Jørgen i Asker sidan i haust, medan Therese Johaug er på laget som ein del av ein sponsoravtale. Klatrespesialisten Therese Johaug hadde naturleg nok klatreetappen(7.etappe) på 1790 meter med mykje stigning opp til Besserud. Der leverte ho så stafettinnen til Jørgen Nilsen Moberg som hadde 8.etappe fra Besserud til Gressbanen. Den etappen har ein del unnabakke, og også det stiller krav til spesiell løpsteknikk. Etappetidene viser at dei begge to leverte gode løp.

Eg har sett videosnutt frå vekslinga mellom dei to, og den gjekk heilt smertefritt i folkhavet som vekslingsfeltet er.  
- Eg såg ho kom ned i bakken i godt driv. Jammen kom ho fort inn til veksling, men heldigvis var eg klar så vekslinga gjekk fint, fortel Jørgen på telefon til uskedalen.no

Ein annan OL-meister, Birgit Skarstein, hadde ankeretappen på eit anna Asko-lag. Ho gjennomførte innspurten på Bislett i rullestol. Asko har også sponsoravtale med Marit Bjørgen, men etter det eg kjenner til var ikkje ho med i Holmenkollstafetten.

Jørgen N. Moberg seier at det var kjempekjekt å delta i stafetten. Berre å oppleva det enorme folkehavet var heilt fantastisk.

- Det fristar verkeleg til gjentaking, seier Jørgen om opplevinga, og det er svært sannsynleg at han stiller med stafettpinnen neste år også.



Eit litt uklart bilde av vekslingsøyeblikket.

Uskedalen.no hadde to fotografar ute for å sikra bilete av vekslinga. På grunn av folkehavet hadde dei ein umogeleg jobb, men også dei leverte flott innsats.



Jørgen har nett fått pinnen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Vegard Døssland